



Fil Aks-77
Knarvik Stadion Juvikstølen 25
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1888 - 20/15154

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
18.03.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 185/152 Isdal

Tiltak: Garajse/lagerbygg /treningsrom
Byggjestad: Gbnr: 185/152
Tiltakshavar: Fil Aks-77
Ansvarleg s kjar: Fil Aks-77

Kommunen stadfestar   ha motteke dykkar s knad om dispensasjon 23.01.2020. Vi seier oss leie for sein attendemelding. Som f lgje av kommunesamansl inga har vi stort etterslep av s knadar.

Vi viser for vrig til skriv fr  Lind s kommune datert 20.12.2019, der vart f lgjade opplyst:

Planstatus

Eigedommen er omfatta av reguleringsplan Omr deplan for Lonelva-Juvikvarden/planid.: 1263-200904.

Det aktuelle arealet er i reguleringsplan avsett til gang og sykkelveg og Idrettsanlegg I3. Oppf ring av bygget her vil krevje at det vert s kt om og ligg f re dispensasjon fr  reguleringplanen. Vi vi tilr  at de finn ein alternativ plassering knytt til eksisterande bygningsmasse i område. Ei plassering som i heilskap er i samsvar med arealf rem let.

Bruken av bygget tilseier at her vil det m tte s kjast om l yve til tiltak etter pbl    20-1 og 20-4 bokstav a jf. byggesaksforskrifta   3-1 bokstav b.

Dersom det skal arbeidstakare inn i bygget td. ved reinhald ol. krev det vedtak om samtykke fr  arbeidstilsynet.

Oppføring av treningsbygg krev søknad om dispensasjon og søknad om løyve til tiltak.

Ved innsending av søknad må det ligge føre:

- Kart som syner plassering
- Plan, snitt og fasadeteikningar av bygget
- Dersom det skal leggjast inn vatn- og avløp i bygget må det søkjast om påkoblingsløyve av rørleggjar og søknad om løyve til etablering av leidningsnett utført av ansvarleg føretak.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi ber om at det vert levert inn teikningar av alle byggets fasadar og at det vert levert inn planteikning av bygget.
2. Det er ikkje gjort greie for nabovarsling i høve tiltaket. Vi ber om at det vert levert inn dokumentasjon på at tiltaket er nabovarsla. Eventuelt kan de gjere greie for kvifor det ikkje er naudsynt å nabovarsle jf. plan- og bygningslova § 21-3.
3. FIL Aks-77 er ikkje heimelshavar til den aktuelle eigedomen, det må sendast inn fullmakt som gjev dykk rett til å søke om løyve til tiltak på annan manns grunn, evt annan skriftleg avtale som gjev dykk rett til å forestå søknad på eigedom gbnr. 185/152, ta kontakt med Line Valle ved eigedomsforvaltning Alver kommune for slik avtale.
4. Det er ikkje gjort greie for korvidt det skal arbeidstakarar ved td. reinhald inn i bygget. Vi ber om at de gjer greie for dette. Dersom det skal arbeidstakarar inn i bygget krev det eige vedtak om samtykke frå Arbeidstilsynet. Vi kan i so tilfelle i første omgang kun handsame søknad om dispensasjon.
5. Sjå punkt 4. Dersom det krev samtykke frå Arbeidstilsynet ber vi om skriftleg attendemelding på om de ønsker at vi i første omgang berre handsamar søknad om dispensasjon.
6. Det er ikkje gjort greie for om det skal installerast vatn/toalett i bygget, vi ber om attendemelding på det, dersom det skal innstallerast krev det søknad om løyve til tiltak frå rørleggjar samt at det må sendast inn søknad om påkobling frå røyrleggjar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 29.04.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fil Aks-77

Knarvik Stadion
Juvikstølen 25

5916

ISDALSTØ

Mottakarar:

Fil Aks-77

Knarvik Stadion
Juvikstølen 25

5916

ISDALSTØ